



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Fjellstyret sitt kontor, Ulvik

Dato: 24.05.16

Klokkeslett: 18.00-20.30

Tilstades på møtet

Medlem:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Lars Helge Ljone

Vara: Solveig H. Uppheim

Sekretær:

Harald Normann Andersen

Saksliste

15/16 Meldingar

16/16 Uttale ang. planar om oppmerking av rundtur mellom Finse stasjon og Jomfrunuten

17/16 Synspunkt på motorferdsel i samband med åting av Rallarvegen

18/16 Fjerning av bu ved Vargetjødn

19/16 Trekking av villreinløyve

Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit Stig Yngve Røkenes Atle Ulgenes Solveig H. Uppheim Lars Helge Ljone

Kopi til

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Åmotvegen 8, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjellopsyn as. Pb 562 5703 Voss
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

Meldingar frå	Innhald
04/16 Ulvik fjellstyre	Høyring vedk. offisiell adresse til stølar, hytter og bygg som ikkje ligg til offentleg veg i Ulvik
05/16 Ulvik fjellstyre	Dispensasjon frå LNF-villrein føremålet i arealdelen til kommuneplanen. Utviding av eksisterande tilbygg til hytte på Hallingskeid
06/16 Ulvik fjellstyre	Godtgjersle for tillitsvalde i Ulvik fjellstyre
07/16 Ulvik herad	Fråsegn til freding av småvilt i Ulvik statsallmenning
08/16 Hardangervidda Villreinutv.	Høyring til framlegg til villreinkvote for Hardangervidda hausten 2016
09/16 Fellesstyret for Ullensv statsa.	Møtebok
10/16 ØN fjellstyre	Møtebok
11/16 ØN fjellstyre	Møtebok
12/16 Fjellstyra på Hardangervidda	Ros-analyse for branntryggleik på Fjellstyrehytter på Hardangervidda
13/16 Fjellstyra på Hardangervidda	Brannteknisk dokumentasjon for Ulvik fjellstyre
14/16 Ulvik fjellstyre	Scooterløyve
15/16 Ulvik fjellstyre	Scooterløyve
16/16 Rauland fjellstyre	Møtebok
17/16 Fellesstyret for Ullensv.statsa.	Møtebok
18/16 Ingvar Fleten	Byggeløyve
19/16 Ulvik herad	Melding om vedtak – Møtegodtgjersle for tillitsvalde i Ulvik fjellstyre
20/16 Nordf. og Fjellh. Villreinnem.	Uttale ang. Planar om oppmerking av rundtur mellom Finse stasjon og Jomfrunuten
21/16 Nordf. og Fjellh. Villreinnem.	Ny bestandsplan for Nordfjella villreinområde
22.16 Nordf. og Fjellh. Villreinnem.	Melding om kvotevedtak
23/16 Kåre Rudningen	CWD i Nordfjella, Kva tyder dette for oss – Kva blir no gjort?

Harald las opp meldingane

Sak 16/16

Uttale ang. Planar om oppmerking av rundtur mellom Finse stasjon og Jomfrunuten

24.05.16

Saksutgreiing:

Gjennom styret for Hallingskarvet nasjonalpark og Finse biotopvernområde har Statens Naturoppsyn ved Petter Braaten fått i oppdrag å etablere ein nær tur nord for Finse. Regjeringa har gjennom sine føringar lagt vekt på at norske natur og spesielt verneområda skal kunne nyttast i større omfang. Styret for Hallingskarvet nasjonalpark har eit ynskje om å syne fram området rundt Finse på ein måte som gjer det tilgjengeleg for fleire.

Det er ynskje om å skilte ein runde frå stasjonen og opp på Jomfrunut, samt sette opp eit informasjonspunkt på toppen slik at dei besøkande får eit innblikk i kva dei ser.

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre ser det som uheldig att ein skal merke å tilrettelegge ein tursti som skissert ovanfor. I dag er det to merka stiar her, til Geiteryggen og Raggesteindalen. Den merka stien vil og berøre Finse Biotopvernområde. Ulvik fjellstyre vil ikkje tilrå at det vert etablert ei merka løype til Jomfrunuten

Vedtak:

Knut Sygnestveit, Stig Yngve Røkenes, Atle Ulgenes og Lars Helge Ljone stemte for framlegg til vedtak, Solveig H. Uppheim stemte i mot.

Sak 17/16

Synspunkt på motorferdsel i samband med åting av Rallarvegen

24.05.16

Saksutgreiing:

Foreininga Visitrallarvegen.no ynskjer å åte Rallarvegen for at vegen skal verta snøfri. I 2015 vart det nytta 2 månadsverk til spading og åting på strekninga Finse-Lågheller. Dette førte til aktivitet og forstyrningar over ein lang periode. Det er no ynskjeleg å nytte snøscooter eller liknande for å åte over ein kortare konsentrert tidsperiode.

Det er fjellstyre som skal behandle motorferdselsaker og eventuelt gje «grunneigars» tilråding etter høyring med Statskog

Framlegg til vedtak:

Ulvik fjellstyre er samd i tilrådinga frå Fylkesmannen i Hordaland og Villreinnemnda om at « ved dispensasjon frå føresegnene i reguleringsplanen Finse-Lågheller bør det åtast over ein konsentrert tidsperiode, i samråd med SNO, med tidlegast start 1. juni.»

Vedtak:

Samrøystes

Sak 18/16

Vedr. fjerning av bu ved Vargetjødn

24.05.16

Ulvik fjellstyre ved dagleg leiar tek kontakt med Håkon Øydvin i Aurland fjellstyre for å få ein oversikt over status på bua.

Framlegg til vedtak:

Om bua ikkje er til bare for folk eller dyr, m.t.p.at ho skal rase saman. ynskjer fjellstyret at bua skal stå slik at ho kan være eit krypinn for jegerar og fjellfolk. Visar det seg at bua ikkje er tenleg som overnattingsstad skal ho sanerast/rivast og fjernast.

Vedtak

Samrøystes

Sak 19/16

Trekking av villreinløyve

24.05.16

Trekkinga vart utført etter same praksis som ved tidlegare år.

Møtet slutt 20.30